



Saksframlegg

Arkivreferanse: 2025/320-1

Sakshandsamar: Arvid Moen

Saksgang

Utval	Møtedato	Saksnummer
Landbruk, miljø og teknisk utval		
Formannskap		
Kommunestyre		

VA - Investeringsbudsjett 2025

Saksframlegg godkjent 25.02.2025.

Finn Arne Askje
kommunedirektør

Vedlegg

- 1 Vedlegg 1 Prosjektrapport Rein_urein sone
- 2 Vedlegg 2 1-1210 PLAN 1.ETG
- 3 Vedlegg 3 1-1220 PLAN 2.ETG

Bakgrunn for saka

Vedtak i sak 92/2024 Budsjett 2025 - Økonomiplan og handlingsprogram 2025-2028

VA-tiltak er ført opp med kr. 11 170 000
i 2025. Dette blir redusert med
kr. 6 170 000 og vurderast på nytt ved
handsaming av VA-planen - 6 170 000

Saksutgreiing

Bakgrunn at det trengs ein del arbeids med VA-planen frå administrasjonen sin side før den kan bli lagt fram og at det vil bli ein stor sak i seg sjølv.

Kommunedirektøren legg fram sak på den delen av investeringsbudsjettet som gjeld 2025, så vil heilskapleg VA plan frå 2026 kome seinare.

Gebyrområde.

Kommunedirektøren ynskjer i denne saka å få løyve til å utgreie Hallbjønnsekken som eige gebyrområde, då det vil vere store investeringar på det området i løpet av kort tid.

Rein/urein sone:

Kommunen manglar rein og urein sone for tilsette som jobbar med vatn og avløp, trass i at dette har vore eit kjent krav i fleire år og tema tatt opp av verneombod og på vernerundar. Arbeidstilsynet stiller tydelege krav til slike soner for å sikre hygiene, helse og tryggleik for tilsette som handterer helseskadelege stoff som kloakk. Manglande rein og urein sone utgjer ein alvorleg risiko for smittespreiing og brot på gjeldande regelverk.

Dette kan ikkje utsetjast lenger. Kommunedirektøren meiner at kommunestyret må prioritere etableringa av rein og urein sone for å oppfylle lovpålagde krav og sikre forsvarlege arbeidsforhold. Dersom det oppstår situasjonar som kan sporast tilbake til brot i desse rutine/krav, vil kommunen bli gjort ansvarleg

Økonomiske konsekvensar

Revidert VA budsjett for 2025 hamnar på totalt 5,5 millionar. Ingen investeringar er fjerna, men flytt til ulike år.

Slik såg investeringsbudsjettet som blei fremma den i sak 92/2024.

Kolonne1	Kolonne2	Kolonne3	Kolonne4
Prosjekt	Nr		2025
Ristgodsfjerning Lårdal og Åmdals-Verk RA	22		3500
Rehabilitering va-nett	43		3000
Driftsovervaking oppgradering 2022-2024	46		500
Dalen brygge - septikmottak	67		320
Kamerainspeksjon og lekkasjesøkar	68		300
Resipient utgreiing Åmdals åi	69		250
PA102 Monsjordet - åkryssing	71		2500
Ny PLS og nytt UV-anlegg Høydalsmo	76		1000
Sum Total			11370

Innanfor ramma som blei vedteke i budsjettet for 2025 har administrasjonen føreslege følgjande:

Ristgods fjerning i Lårdal er flytta til 2026 (2 mill)

Rehabilitering av VA-nett

Driftsovervakning er redusert – PLS i Lårdal er flytta til 2026 (300')

Utgreiing av resipient på Åmdals-Verk, utsett (250')

Mottak av septik ved Dalen brygge reduserast til eit minimum (120')

Ny PLS i Høydalsmo og UV anlegg i Høydalsmo, delvis redusert (400')

Kamerainnspeksjon og lekasjesøkjar (300')

Kryssing av elva og tiltak på Moensjordet (2,5 mill)

Investeringsbudsjett VA - revidert	Budsjett 2025	Kommentar
	i 1000 kr	
Ristgods fjerning Lårdal og Åmdals-Verk RA (1)	1 500	Ristegods fjerning Lårdal flytta til 2026
Rehabilitering va-nett	3 000	Bør utførast sidan fylke skal legge asfalt i 2026
Driftsovervakning oppgradering 2022-2024	200	Ny PLS til Lårdal flyttast til 2026
Dalen brygge - septikmottak	200	Septikpumpa som henter opp septik fra kanalbåten har gått i stykker
Ny PLS og nytt UV-anlegg Høydalsmo	600	UV-funkar ikkje og det er også feilmeldingar på systemet
Total sum	5 500	

Tabell 1

Tabell 1 syner vedteke budsjett for 2025 og kommunedirektørens prioriteringar. Omrokeringane kommunedirektøren no har gjort vil likevel ha eit overforbruk på 300 000 kr, i forhold til budsjettvedtaket for 2025.

Kommunedirektøren må vise til alvoret det i forhold til at ein ikkje har rein og urein sone. Det er gjort greie for tidlegare i saka.

Det er vanskeleg for kommunedirektøren og ikkje gjere kommunestyret kjent med forholda og ikkje kome med eit forslag som

Investeringsbudsjett VA - revidert	Budsjett 2025 i 1000 kr	Kommentar
Ristgodsfjerning Lårdal og Åmdals-Verk RA (1)	1 500	Ristegodsfjerning Lårdal flytta til 2026
Rehabilitering va-nett	3 000	Bør utførast sidan fylke skal legge asfalt i 2026
Driftsovervaking oppgradering 2022-2024	200	Ny PLS til Lårdal flyttast til 2026
Dalen brygge - septikmottak		Septikpumpa som henter opp septik fra 200 kanalbåten har gått i stykker
Dalen RA Rein/Urein sone	6 000	
Ny PLS og nytt UV-anlegg Høydalsmo	600	UV-funkar ikkje og det er også feilmeldingar på systemet
Total sum	11 500	

Tabell 2

*) Kostnaden til rein og urein sone, er vist i vedlegg nr. 1.

Konklusjon

Investering i VA – 2025:

Kommunedirektøren meiner det er to alternativ for vidare VA investering i 2025:

1. Halde på budsjettvedtaket for 2025 – tabell 1.
2. Lukke avviket (lovkrav) på rein og urein sone. Investeringsbudsjettet for 2025 på VA blir justert opp til 11 500 000 – tabell 2.

Vanlegvis innstiller ikkje kommunedirektøren på anna enn ei oppfølging av tidlegare vedtak (her budsjett 2025).

Kommunedirektøren vil likevel oppmode kommunestyret å vedta ei etablering av urein og rein sone.

Forslag 1:

Kommunestyret held fast på vedtaket som er gjort i budsjettet for 2025 – tabell 1.

Forslag 2:

Kommunestyret vedtek Investeringsbudsjettet for 2025 med dei endringane som kjem fram i tabellen 2.

Hallbjønnsekken og Økonomi:

Totalt for perioden 2025-2034 er det estimert for anslagsvis ca. 130 millionar for VA. Av dette vil Hallbjønnsekken stå for ca. 40 MNOK i prosjektkostnader fram til 2031. Prosjekta på Hallbjønnsekken vil stå for rundt 40% av kapital kostnadane til kommunen.

Kommunen burde ta ei vurdering om dette området skal skillast ut til eige gebyrområde.

Kommunedirektørens tilråding

- Kommunestyret vedtek Investeringsbudsjettet for 2025 med dei endringane som kjem fram i tabellen 2.
- Ein ber administrasjonen legge fram ein sak til budsjettbehandlinga for 2026 på å dele opp i to gebyrområde.